



**Alver kommune**  
**Byggesaksavdelinga**  
**Kvernhusmyrane 25**  
**5914 Isdalstø**

J.nr: 112-22/LBK

Bergen, 28.11.2022

## **Saksnr. 169/17, gnr.428 bnr 26 og 85** **Søknad om ferdigattest for tilbygg til hytte**

Vi viser til tidlegare innsendt dokumentasjon, og til mellombels bruksløyve gitt 24.06.2022, og vil på vegne av tiltakshavar Lars Wisnes søka om ferdigattest for tilbygg på hytte på gnr. 428 bnr. 26 og 85, på nedre Kvalheim.

Tiltakshavar har sida 2017 årleg søkt om mellombels bruksløyve for tiltaket, grunna at ferdigattest for VVA-anlegg i Bresvika bustadfelt gnr 428 bnr 4 ikkje foreligger.

Vi ber om at Alver kommune gir tiltaket ferdigattest, av følgande årsaker:

### **Rimelegheit:**

Status på VVA-anlegg i Bresvika er forhold som er utanfor tiltakshavar sin kontroll, og årlege kostnader for å søke midlertidig brukstillatelse er ei urimeleg belastning for tiltakshavar. Manglande ferdigattest på hytta forringar verdien med tanke på salg. Det skal vere fleire andre i same byggefelt som har fått ferdigattest, som vi antar har same problematikkk knytt til VVA-anlegget. Omsøkt tiltak er eit tilbygg til fritidsbustad i liten skala, med lav påverknad på omgjevnadene, og det verkar rimeleg at også dette tiltaket kan få ferdigattest.

### **Forsvarleg bruk:**

Tilbygget er heilt ferdigstilt (2011). Det gjenstår ikkje arbeid på bygget, og det er ingen sikkerhetsmessige høve som gjer at bygget ikkje kan reknast som ferdigstilt. I høve til vatn og avløp, har hytta septiktank med pumpe med kvern, knytta til avløpsledning. Løysinga har fungert tilfredsstillande i over ti år. Tiltaket er ikkje vurdert å ha negative konsekvensar eller risiko for omgjevnadene.

Elles gjeld tidlegare innsendt dokumentasjon og status for tilbygget.

Ta gjerne kontakt dersom det er noko som er uklart eller om det er naudsynt med meir dokumentasjon for søknaden.

Venleg helsing  
Arkitektgruppen CUBUS AS

Lena Beate Keilegavlen  
Sivilarkitekt MNAL